

Studentbarnavisa

Nr 3. 2017/2018

Barnhagen skal bidra til at barna
trivst og opplever livsglede, mestring
og ei kjensle av eigenverdi, og han
skal førebyggje krenkingar og mobbing.
Rammeplan 2017 s.11



(Bilete frå prosjektet om venskap, 3-åringane måla venskapsbilete)

Sogndal Studentbarnehage

Dalavegen 10

6856 SOGNDAL

Kontor: 477 08 880

Måne: 480 31 132

Sol/ Stjerne: 480 64 858

E-post: sogndal.barnehage@sammen.no

Kort om stort og smått

Oppsummering frå styrar

Takk for oppmøte på foreldremøte, det er veldig kjekt å oppleve at foreldre kjem og er engasjerte i barnehagedrifta, og kvardagen i barnehagen. Referatet frå møtet ligg på heimesida, www.sammen.no

Avdelingane er godt i gang med planarbeidet, og har allereie vore innom tema som «kroppen vår», «mangfald» og temaet «haust». I oktober har ein hatt eit felles prosjekt med tema «vennskap», det vil bli hengt opp dokumentasjon gjennom bileter og kunst på veggen ute. Det skal komme så snart all dokumentasjon er ferdig

No står november og desember for tur, og då er advent, tradisjon og jul tema som tek stor plass i kvardagen. Sjå gjerne i vår periodebestemte emneplan som omtalar kva, kvifor og korleis me gjennomfører dei ulike tema som er for denne perioden.

FN basaren

I forkant av FN-basaren 26.oktober, jobba heile barnehagen med å bake boller, eplekake, lage syltetøy, male venskapsbilete, og lage lykter. På Måne brukte dei FORUT sitt materiell, dette året om Sivatas – ein gut frå Sri Lanka. Dei har fokus på å lære om andre kulturar, eit anna språk og levesett enne det me er van med.

På basardagen hadde Kafègjengen ansvar for å hjelpe til med organisering, og å ta imot inngangspengar og å gi ut lodd. Me takkar stort for oppmøtet og givargleden denne ettermiddagen, me fekk inn rett i underkant av 4000 kr. Desse pengane er det Kafègjengen som går i banken med, og donerer til Forut sitt arbeid på Sri Lanka.

MyKid

I den næraste tida vil me no ta i bruk eit kommunikasjonsverky kalla MyKid. Etter kvart vil alt av informasjon gå gjennom MyKid. For føresette er dette gratis å bruke, ein lastar ned appen MyKid på Appstore eller Android, eller ein loggar seg på via pc (<https://mykid.no>). Her kan de sende beskjedar til oss, og me informere dykk. Det vil bli lagt ut bilete, men ein får kun tilgang til bileter avdelinga barnet dykkar går på. Studentbarnavisa vil bli lagt ut her, det same med årsplan. I starten vil det nok bli litt utprøving og feiling, men etter kvart som me alle blir kjende med MyKid, vil dette bli bra. De vil få informasjon om når de er lagt inn i systemet, og kan logge dykk på.

Eksamenspass

Det vil komma ut skriv om eksamenpass til dei som har rett på det i løpet av siste halvdel av november.

Lucia

Onsdag 13/12 vil det bli Luciamarkering i barnehagen. Denne dagen inviterer me føresette på gløgg og lussekattar om morgonen. Vi startar kl. 08.30 og held på til 9.30/10.00. Det er fint om barna kan ta på kvite klede dersom dei har.



Nissefest

Det vil bli nissefest i barnehagen fredag 15/12. Dette er for barna og personalet i barnehagen. Då serverer «dei store nissekonene» nissegraut, - og kanskje kjem nissen på besøk? Dersom barna har raude klede, er fint om barna tek på dei denne dagen.

Tidleg juleferie

Av erfaring frå tidlegare år viser det seg at mange av barna tek tidleg juleferie. Det er derfor fint om me kan få tilbakemelding dersom dette er tilfelle. Dette gjer at personalet kan avspasera dersom det er færre born på avdelinga. I tida før jul har me arbeid med julehemmelegheiter. For at me skal få gjera dette ferdig slik at barnet kan ta det med heim til jul er det fint om me veit når barnet tek sin siste dag før juleferie.

Informasjon

Me minner også om at porten ALLTID må lukkast heilt att, med lenke både morgon og ettermiddag. Det har no vore tilfelle der born har komme seg ut porten. Det er kort veg bort i Dalavegen, og dersom lenka er av er det lett å opne porten for dei største ungane.

Samarbeidsutvalsmøte

Det vil bli halde samarbeidsutvalsmøte ganske snart. Om det er saker de ynskjer me skal ta opp i dette utvalet, kontakt ein av medlemane eller styrar. Referat frå møte vil bli lagt på MyKid.

Planleggingsdag

Det er planleggingsdag i barnehagen **tysdag 2. januar.2018**. Då er barnehagen stengt. Siste dag før jul er fredag 22. desember. Første dag etter jul er onsdag 3. januar

Me vil ynskje alle ei fin førjulstid!

Evaluering av september og oktober, Sol og Stjerne

I september jobba vi med temaet meg sjølv, der målet var å fokusere på kvart enkelt barn, og framheve barnet på ein positiv måte ovanfor dei andre i gruppa. Vi jobba mykje med å gjere barna trygge og skape ei gruppe-kjensle og samhøyrighet mellom barna. Derfor legg vi stor vekt på fellesskapet, og sørger for at alle blir nemnt i t.d samlingsstunden kvar dag. På denne måten jobbar vi med å skape ein «vi» følelse i barnegruppa. « I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne» (Rammeplan s.22) Vi har hatt ei kreativ periode der barna har fått male med ulike teknikkar, og vi har laga hand og fot avtrykk. Dette var ein spanande prosess då det var det første møtet med maling for fleire. Dette arbeidet har blitt dokumentert gjennom bilde på golv, vegger og dører i barnehagen. Sjølv om barna på sol og stjerne er små, skal dei likevel bli høyrde og difor er det sær s viktig at vi klarar å tolke og forstå kva dei vil gjennom deira verbale og non verbale språk. (jmf medverknad).

Temaet i oktober har vore haust. Vi har vore på turar for å sanke haustmateriale, plukka eple og laga eplekake, vidare har vi jobba mykje med blader. Eplekake blei laga i samspel med barna, der alle sat rundt bordet som eit lys å såg på. Dei største barna på sol og stjerne var med å lage lykter, som vart til gevinstar på basaren og alle barna laga haustlykt, som foreldra fekk muligheit til å kjøpe på FN' markeringen. I oktober har vi også jobba i eit prosjekt kalla vennskap. Barna i heile barnehagen har vore oppdelt i fem grupper etter alder og modning. Aktivitetar som har føregått i gruppene er; tradisjonsmat, maleaktivitet, songstund ute i lavvoen og turgruppe med fokus på meistringsglede. I gruppene har vi også hatt song, der fokus har vore songar med tema vennskap. Personale opplever at dette har vore svært positivt. Barna får fine opplevingar saman med andre barn og andre vaksne. Sjå bilde frå prosjektperioden ute på veggen i bhg.

I oktober/november fekk Stjerne 3BLU student (Oda) som var her i 4 veker. Ho hadde i denne perioden overtakingsveke og eige utviklingsarbeid.

Bursdagar: I september feira vi Live 2 år og i oktober feira vi Selma 1 år og Isabell 2 år. Stjerne ønsker velkommen til Patrick som byrja hos oss i oktober.



Planar for november og desember, Sol og Stjerne

Vi har no i byrjinga av november ei litt roligere stund der hovudfokuset er leik. I samlingane har vi fokus på songar om dyr. Vi startar med juleførebuing allereie i midten av november, på denne måten sikra vi oss at alle får delta. Vi deler barna i mindre grupper i dei ulike hemmelige juleaktivitetane. Her vil fagområdet Kunst, kultur og kreativitet bli vektlagt "Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhøyrslø" (Rammeplan s. 50). Barnehagen vår har ein tradisjon med Luciafeiring som har vorte ein fin felles oppleving saman med foreldra. I desember startar me med adventsstund. Me samlar oss i sofakroken på Sol og Stjerne. Der skal me tenne lys, lese adventsdikt, henge opp hjarte i vindaugskarmen og syngje mange fine julesongar. I denne adventssamlinga skal me ta i bruk fargane som symboliserer advent og jul. Målet vårt er at barna skal få oppleva denne tida som ein god tradisjon. Gjennom arbeidet med etikk, religion og filosofi seier rammeplanen at barnehagen mellom anna skal bidra til at barna få kjennskap til høgtider og tradisjonar. Desember er og ein månad der vi legg vekt på å ta tida meir roleg, ha god tid til kvarandre og kose oss ilag, slik at vi kan få høve og ro til undring og tenking, samtalar og forteljingar (jf. rammeplanen). Det er også ei fin tid for å visa at me bryr oss om kvarandre, med fokus på å dela og hjelpa. Noko som er i tråd med vårt fokus på sosial kompetanse.

Kommunikasjon, språk og tekst

Dette fagområdet er aktuelt på avdelingane for dei under tre år gjennom heile året.

« Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling»
(Rammeplan s. 23)

For å kunne støtte dei minste barna i deira språkutvikling, må dei vaksne heile tida vere tilgjengeleg, og nær barna. Dei vaksne må vere medvitne om korleis ein bruker språket, og at ein heile tida er modell i dei små barna si språkutvikling. Slik vil vi få til eit gjensidig samspill, og hjelpe og støtte i deira måte å uttrykke seg på verbalt og nonverbalt. Vi skal ha ein kvardag prega av song, musikk, rim, regler og høgtlesing. Barna skal oppleve tal og bokstaver, og vi skal følgje opp barnas initiativ når det gjeld å telje. Dei vaksne skal vere bevisst på korleis dei ordlegger seg og setter ord på ulike gjenstandar, det er viktig at dei vaksne tolkar og forstår barna.

Ymse.








- Det kjem oppslag på døra i forkant av Lucia markeringen (dette er for barna, foreldre og søsken)
- Nissefesten er for barna i barnehagen.
- Minner om at alle tek ein sjekk i korgene innimellom. Det er mykje utstyr, og fort for at klede og anna utstyr havnar i feil korg. Viktig at alle merker utstyret med namn.
- Da håper vi at alle får ei roleg og fin førjulstid.

Her har de eit utval av songar, rim og regler som vi nyttar knytt til tema «dyr», «advent» og «lucia»:










- Gå i skogen, gå i skogen
- Kva seier den kua
- Med krøllet hale
- På ein grøn grøn (kvit) bakketopp
- Det satt to katter på eit bord
- Fola fola blakken

- Huttetu så kaldt det er
- Pinnsvinsangen
- Bjørnen sover
- Lucia
- Musevisa
- På låven sitter nissen
- Julekveldsvisa
- Du og eg og dompappen

NOVEMBER 2017 SOL OG STJERNE

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
TEMA: LEIK  44	Ped.leiarmøte 13.15-14.15	Avd.møte: Stjerne:13.15-14.15 Måne 09.00-10	1 Overtakingspraksis på Stjerne fra 1.nov - til 7.nov. 	2 Uteleik	3 Sol på tur i stien for å sjå på hønene. <u>Varmmat:</u> Pølse med lompe/brød og agurk
TEMA: LEIK  45	6 Ped.leiarmøte 13.15-14.15	7 Patrick 1 år  Avd.møte: Sol:13.15-14.15 Måne 09.00-10	8	9 Prosjekt dag for heile barnehagen	10 Stjerne på tur <u>Varmmat:</u> Skinke, pasta og grønnsaker
TEMA: JULE-FØREBUING  46	13 Ped.leiarmøte: 13.15-14.15 Starter opp med hemmelige juleaktiviteter ☺	14 Avd.møte: Stjerne:13.15-14.15 Måne 09.00-10	15	16 Uteleik	17 Sol på tur <u>Varmmat:</u> Pølse, grønnsaker og potetstappe
TEMA: JULE-FØREBUING  47	20 BAKE PEPPERKAKER  Ped.leiarmøte: 13.15-14.15	21 Avd.møte: Sol:13.15-14.15 Måne 09.00-10	22	23 Uteleik	24 Stjerne på tur <u>Varmmat:</u> Graut

DESEMBER 2017 SOL OG STJERNE

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
TEMA: JULE- FØREB- UING  48	27 PYNTE AVDELINGEN TIL ADVENT 	28	29	30 Uteleik	1 Adventstund Sol på tur – sjå på julegrana i parken <u>Varmmat:</u> Fiskekaker, pasta og grønnsaker
TEMA: JUL  49	4 Adventstund	5 Adventstund	6 Adventstund 	7 Adventstund	8 Adventstund Stjerne på tur – sjå på julegrana i parken <u>Varmmat:</u> Lapskaus
TEMA: JUL  50	11 Adventstund Bake luccekatter	12 Adventstund 	13 Lucia feiring  (Sjå eigen plakat på døra)	14 Adventstund	15 Adventstund Nissefest  (Sjå eigen plakat på døra) <u>Varmmat:</u> Graut
TEMA: JUL  51	18 Adventstund	19 Adventstund	20 Adventstund	21 Adventstund	22 Siste dag før jul. Første dag etter jul er tysdag 3. januar <u>Varmmat:</u> Pølse med lompe

Evaluering September og Oktober Måne

Tema for september og oktober har vært vennskap og relasjonar. Vi har hatt mange gode samtaler med barna rundt det å ha og vere ein venn, og det å vere like/ulike og gode nok. Me har lest bøker og sett film som handlar om vennskap og samarbeid.

I september har vi hatt brannvernveke. Vi har hatt brannøving, blitt kjent med handdokkene Eldar og Vanja og aktivitetar knytt til tema. Alle var og ein tur oppom brannstasjonen. Ivrigte barn som blant anna har lært at vi skal ringe 110 om det brenn.

I slutten av september dansa vi BlimE-dansen. Vi filma dansen og sendte den inn til NRK super. Dansen handla om å vere vener med kvarandre og vise omsorg. I denne perioden har me jobba med prosjektet «Vennskap». Der har barna vore saman med barn på same alder og modningsnivå. Dei har vore med å laga tradisjonsmat, hatt song, musikk og forming, og vore på utegruppe. Felles mål for alle gruppene er å ha det kjekt i lag, skape nye relasjonar og ein fellesskapsfølelse. Me har gleda kvarandre, gitt kvarandre ei hjelpande hand og fått kjenne på meistringsfølelsen.

Andre haustaktivitetar vi har gjort er at barna har vore på tur i nærområdet, vi har vært på «Gammen» og på Trudvang. Førskulegruppa har vært nokon gongar i hallen på klatring. Vi har trykt handavtrykk med haustfargar på glaset, der vi har laga eit tre. Vi har gått på tur i nærområde å plukka haustblad som vi har pressa og hengt opp på avdelinga. Barna har og laga ei vennelenke på glaset med fotavtrykk. Vi har også hatt om tema «meg sjølv». Mykje relatert til kroppen og sansane våre. Dette jobba vi med gjennom songleikar, rørsleleik, bøker og aktivitetar knytt til tema. Vi teikna omriss kring eit av barna, snakka om augefarge, hårfarge, fingra, tær, ulike kle m.m.

Arbeidet med innsamlingsaksjonen til FORUT vart gjennomført i oktober. Gjennom musikk, dans, film og forteljing har barna blitt kjend med 4 år gamle Sivatas som bur i landsbyen Mullivaikal nordøst på Sri Lanka.og korleis barn bur og lever der. Alltid kjekt å sjå interessa barna har for å lære om, og få vite noko om korleis barn lever andre stader på jorda. Gjennom hausten har barna produsert gevinstar til basaren blant anna barnekunst, lyslykter, plukka plomme til plommesylte, muffins og bollar. Stor oppslutnad på sjølvve innsamlingsdagen, gjer at slikt arbeid blir givande for store og små.

I September og Oktober har vi feira Reshad 5år, Emilia 3år, Gunnar 5år, og Lisa 4år-HURRA.



Planar for november og desember

Dei første to vekene i november jobbar me med kjensler. Me tek utgangspunkt i fire kjensler i første omgang, glad, sint, trist og redd. Dette er kjensler alle kan kjenne på, og det er lov. Me deler kjenslene inn i raude og grønne tankar, der grønne er positive og raude negative. Me øver oss på å setje ord på kva som får oss til å kjenne på dei ulike kjenslene, og kva me kan gjera for å endre dei raude til grønne. Dette temaet er nært knytt til det å ha venner og gode relasjonar.

I november begynner me med aldersdelte grupper. I desse gruppene er tanken at ein skal jobbe med dialogisk lesing.

I veke 46 begynner me allereie med juleførebuing. Då lagar me julehemmelegheiter. Viss me verkar litt lure, so veit de kvifor 😊 Adventstida me snart går inn i, er ein fin moglegheit til å snakke med barn om det å glede andre, som til dømes det å lage ei gåve til nokon.

«Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslø og kreativitet ved å bidra til at barna saman skal oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.» Rammeplanen s. 50

I desember lagar me oss ein adventskrok, med stjernehimme og kalender. Det er her me skal ha samlingane våre i desember, med tenning av adventslys, me skal lese julehistoriar, og syngje julesongar. Me tel ned mot julaftan, og det dukkar kanskje opp eit brev frå julenissen. Me skal bake lussekattar, markere Lucia, og ha nissefest.

Rammeplanen seier at barnehagen skal bidra til at born får kjenneskap til kristne høgtider og tradisjonar. Norge er i dag eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn, og barnehagen skal respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa.

Student

I veke 43 fekk me 2BLU student på Måne, ho heiter Guro og skal vera her i tre veker. Ho har ulike oppgåver som må gjerast i praksis, og det vil vera delar eller heile gruppa som deltek på desse. Guro kjem tilbake i praksis til våren.

Foreldresamtalar






Siri og Gunn er i gang med foreldresamtalar. Dei tek kontakt med kvar enkelt om tidspunkt som passar.

Melding heim

Det nærmar seg vinter, det betyr regn, snø og kulde. Alle må ha klede som passar årstida, og som passar borna. For små klede eller sko vil vere med på å gjere utetida mindre hyggjeleg for borna. Me ber dykk sjekke korgene for skiftetøy ofte. Sender me heim våte bukser og sokkar, så er det det som må komme tilbake i korgene. Borna treng varmt tøy som ull/fleece, tjukkare luer, ein buff (me ønskjer helst ikkje skjerf), regnvottar, vintervottar. Me ber om at alle klede, sko, luer og vottar blir merka med namn.

Lurer de på noko, ta gjerne kontakt. Direkte tlf.nr på Måne : 480 31 132.

Helsing personalet på Måne

V	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
44	<p>NOVEMBER</p>		<p>1. Førskulegr. opplegg med Guro Tur – for resten av gjengen</p>	<p>2. Azhaar 3 år, HURRA!!!</p>  <p>Grupper</p>	<p>3. Varmmat</p>
45		<p>6. Førskulegr. opplegg med Guro</p>	<p>7. Inneleik/uteleik Møtedag</p>	<p>8. Tur</p> 	<p>9. Grupper</p>
46	<p>13. <i>Me startar med juleførebuingar</i></p>	<p>14. Inneleik/uteleik Møtedag</p>	<p>15. Tur</p> 	<p>16. Daniel 3 år, HURRA!!!</p>  <p>Grupper</p>	<p>17. Varmmat</p>
47	<p>20. Me feirer Azhaar, Susanna, Daniel 3 år og Olivia 4 år☺</p>  <p>Juleførebuingar</p>	<p>21. Inneleik/uteleik Møtedag</p>	<p>22. Bake pepperkaker</p>	<p>23. Grupper Pynte pepperkaker</p>	<p>24. Varmmat</p>
48	<p>27. Juleførebuingar</p>	<p>28. Inneleik/uteleik Møtedag</p>	<p>29. Olivia 4 år, HURRA!!!</p>  <p>Tur</p>	<p>30. Grupper</p>	

V	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
48	DESEMBER				1. Varmmat
49	4. Adventstund 	5. Julefrukost på Meny kl 10	6. Tur 	7. Julesprell	8. Varmmat
50	11. Adventstund 	12. Bake lussekattar	13. Lucia-feiring 	14. Julesprell	15. Nissefest  Varmmat-nissegraut
51	18. Adventstund 	19. Julekos	20. Julekos	21. Julekos	22. Adventstund  Varmmat
52	25.	26.	27.	28.	29.
God Jul og Godt Nytt År					

sammen
Studentsamskipnaden på Vestlandet

Studentsamskipnaden på Vestlandet
Parkveien 1, 5007 Bergen
www.sammen.no